

**Sist helg var den eminente gitaristen Gjermund Fredheim(30 år) sentral i programmet under Kvinnherad kulturfestival. Saman med gode musikkvenner presenterte den allsidige, klassiske gitaristen to svært så ulike konsertprogram. No er han klar for Europa-turnè, og då er det ein heilt annan sjanger som gjeld. Når han reiser Europa rundt med banda Orkan, Taake og Helheim, er det metal-musikk som smell ut av høgtalarane.**

Dei tre banda skal innom 6 europeiske land, og mellom anna byane Brussel, Paris, Lyon, Torino, Rotterdam og Stuttgart får tungt besøk. De kan lese meir om turnèen under overskrifta 'Bles hatten av Europa' i avisa Sunnhordland ved å klikke på denne linken:

<http://www.sunnhordland.no/article/20130219/KULTUR/130219855>

Deltakinga i desse banda viser den eineståande breidda i aktiviteten til den eminente Uskedalsgitaristen. Vi kjenner han først og fremst som ein klassisk gitarist av høg klasse. Han har litt av ei merittliste, og eg tar med noko av den:

- Mastergrad i klassisk gitar ved Griegakademiet, Institutt for musikk ved Universitetet i Bergen, våren 2008 med toppkarakter
- Vann i 2004 1.pris i Ungdommens musikkmeisterskap
- Saman med duopartner Harald Kvasnes gjekk han til finalen i Rikskonsertane sin konkurranse intro-klassisk i 2008 under Festspela i Bergen.
- Som ein del av gitarduoen Fredheim/Kvasnes Duo fekk han i 2009 Bergen kommunes kunstnerstipend.
- Har vunne tre prisar i internasjonale gitarkonkurransar i Italia og Polen
- Som del av bergensbandet Taake var han nominert til spelemannsprisen i kategorien metal for plata "Noregs Vaapen."
- Medvirka på fleire plater, (med List, Fredheim/Kvasnes duo, Orkan, Taake og Bergen Filharmoniske Orkester)
- Har turnert for fylkeskonsertane i Hordaland med forestillingane Fløytelåt, og Tango og kastanjettar.
- Har spelt banjo og gitar med Bergen Filharmoniske Orkester.
- Har turnert i ei rekke land i Europa og Sør-Amerika med Taake.
- Gjermund spelte hausten 2011 konsertar saman med tidlegare vokalist i Iron Maiden, Paul Di'anno.

Dette er litt av merittlista til den unge gitaristen. Den kunne vore gjort lengre. Er det nokon som angrar på at dei ikkje høyrde han under Kvinnherad kulturfestival? Der kunne vi få oppleve to ulike sider ved denne spennande og allsidige gitaristen.

Gjermund har også undervist i gitarspel i mange år. Han har dette året permisjon frå undervisningsstillinga ved Bergen kommunale kulturskule for å kunne konsentrere seg om utøving, og jobbar som frilansar med Bergen som base.

Tekst: Thor Inge Døssland

Foto: Torbjørn Strand